

## Skolemuseumslaget og Skolehistorisk Årbok for Rogaland

Av Sigmund Sunnanå

Dette er ein kortversjon av ein artikkel i Skolehistorisk Årbok for Rogaland 2024 med tittelen. *Skolemuseumslaget og Skolehistorisk Årbok for Rogaland 40 år. Eit historisk tilbakeblikk.*

### Skolemuseumslaget blir stifta

Skolemuseumslaget blei stifta på eit årsmøtet i Vestlandske Skolemuseum (nå Stavanger skolemuseum) 3. april 1984. Laget skulle vera eit frittstående støttelag for skolemuseet. I vedtektene for laget står det at det «har til oppgave å samle inn skolehistorisk stoff av så vel eldre som nyere dato, spesielt fra Rogaland. Stoffet forsøkes gjort kjent gjennom utgiing av ei årbok». Dette føremålet har seinare vore gjeldande for laget. Det var mag.art. Kåre Dreyer Dybdahl som tok initiativet til å oppretta skolemuseumslaget. Han blei redaktør og gav ut den første årboka alt i 1984. Redaktøransvaret hadde han til 1997, og han skreiv i alt 44 artiklar i årbøkene.

Målgruppa for årboka var lærarar, rektorar og medarbeidarar i skoleadministrasjonen på ulike nivå, lærarstudentar og lærarutdannarar, politikarar og andre som var interesserte i skole- og utdanningsspørsmål.

Det var sentrale personar med mellom andre Jan Selvikvåg og Arne Tytlandsvik som stod for styringa av Vestlandske Skolemuseum som saman med Kåre Dreyer Dybdahl oppretta skolemuseumslaget. Det var såleis Vestlandske Skolemuseum som var utgangspunktet for skolemuseumslaget, og i åra frå 1984 til 2008, då skolemuseet blei ein del av Stavanger museum (MUST), var det eit nært samarbeid mellom desse institusjonane. Det var stort sett dei same personane som stod for både skolemuseet og skolemuseumslaget. Årsmøta blei til dømes lagde opp og gjennomførde på same stad og til same tid. Dei same personane går att i styra, budsjetta blei sette i samanheng, årsmeldingar og rekneskap både for skolemuseet og skolemuseumslaget kom på trykk i dei skolehistoriske årbøkene m.m.

Skolemuseumslaget skulle vera ein medlemsorganisasjon der eit årsmøte valde styre og gjorde vedtak i saker som var viktige for laget. Dei første vedtektene for laget blei vedtekne på årsmøtet 30. mai 1985.

### ***Styringa av laget***

I vedtektene står det at styret for laget skal ha fem medlemmer. To av desse er formann og nestformann i Vestlandske Skolemuseum. Dei andre blir valde av årsmøtet.

Johan Lindal var formann i laget i tidsrommet 1984 – 1999. Han blei i 1999 avløyst av Arne Tytlandsvik som var styreleiar til Jan Selvikvåg overtok i 2001. På årsmøtet i 2008 blei Sigmund Sunnanå valt til styreleiar. Han hadde dette vervet til 2024 då laget blei lagt ned.

### ***Administrasjon***

Skolemuseumslaget har aldri hatt nokon stor administrasjon. På årsmøtet i 1984 blei Liv Dreyer Dybdahl valt til styremedlem og kasserar. Ho hadde denne jobben til Gunvor Selvikvåg overtok i 1999. Marta Gudmestad tok over dei administrative oppgåvene i 2010. Ho hadde dette arbeidet til 2024.

Dei administrative oppgåvene innebar mellom anna av å ha ansvaret for budsjett og rekneskap, halde orden på medlemslister, senda brev og årbøker til medlemmene, leggje til rette for styre- og årsmøte, skrive referat med meir.

Jens Refsland, Johan Lindal, Egil M. Dale, Olav Espedal og Kåre Tysland har vore revisorar.

### ***Årsmøta***

I vedtektene står det at årsmøtet skal haldast innan utgangen av mars månad. Dei fleste årsmøta dei første tiåra blei haldne på Vestlandske Skolemuseum i Kvaleberg gamle skole. Som nemnt ovanfor, blei årsmøta for skolemuseet og skolemuseumslaget haldne på same stad og til same tid.

Det var ikkje noko stor tilstrøyming av medlemmer til årsmøta. Det var stort sett berre dei som var involverte i arbeidet med skolemuseet og skolemuseumslaget som møtte fram.

Frå 2013 blei årsmøta haldne på Stavanger Museum. Konservator Hege Stormark ordna med møterom og kaffi. I tillegg til behandling av dei ordinære årsmøtesakene fekk deltakarane på møta orientering av Hege Stormark og

museumspedagogar om aktivitetane ved skolemuseet og andre aktuelle saker som galdt skolemuseet.

På årsmøtet 14. mars 2024 gjorde møtet vedtak om å leggja ned laget frå 31. desember 2024. Styret fekk i oppdrag å stå for avviklinga av laget og gi ut den siste årboka. Årsaka til nedlegginga var at det minka på trufaste medlemmer, det var minimal nyrekruttering, lite pengar att i «kassa» og både styreleiar, redaktør og medlemmene i styret og redaksjonsnemnda syntest at nok fekk vera nok.

### ***Medlemmer og medlemskontingent***

Det går fram av dei første årsmeldingane at laget var oppteke med å verva nye medlemmer. Det var lærarar og andre skoleinteresserte personar, skolar, bibliotek m.fl. som blei medlemmer. Mange av desse stod på medlemslista heilt til 2024.

I årbøkene for 2011 og 2013 er det eit oversyn som viser at medlemstalet var ca. 300 medlemmer. Av ulike årsaker fall medlemmer etter kvart frå, og tilgangen på nye medlemmer var liten. I årsmeldinga for 2023 står det at laget hadde 83 adresser på medlemslista.

I vedtektene frå 1985 blei årskontingenten sett til kr 50,-. Ved vedtektsendringar blei kontingenten i 2003 sett til kr 75,-, i 2013 til kr 100,- og i 2018 til kr 200,-.

### ***Økonomi***

Skolemuseumslaget hadde aldri nokon blomstrande økonomi. Det hadde ingen tilsette og heller ingen honorarutgifter. Det var såleis eit relativt enkelt budsjett og rekneskap. Hovudpostane på inntektsida var innbetalt kontingent og tilskot av ymse slag. Utgiftspostane var trykking av årboka og porto i samband med utsending av boka til medlemmene.

Laget fekk i dei første åra bidrag frå Stavanger lærarlag, Rogaland lærarlag Rogaland fylkesskolestyre og Vestlandske Skolemuseum. Seinare kom tilskota frå Rogaland fylkeskommune og Vestlandske Skolemuseum. Då Vestlandske Skolemuseum blei ein del av Stavanger museum (MUST), fall tilskotet frå Stavanger Museum bort i 2016. Dei siste åra bruka laget oppsparde midlar + eit årleg tilskot frå Utdanningsforbundet i Rogaland på kr 5000,- til å gi ut digitale årbøker 2021 - 2024.

### ***Forholdet mellom skolemuseumslaget og Stavanger skolemuseum/Museum Stavanger (MUST).***

Då Vestlandske Skolemuseum, som eit resultat av museumsreforma i 2001, blei ein del av Museum Stavanger (MUST) frå 1.januar 2008, fekk det etter ei tid namnet Stavanger skolemuseum. At skolemuseet blei ein del av MUST, fekk I første omgang ikkje så mykje å seia for skolemuseumslaget. Skolemuseet hadde til dømes framleis to medlemmer i redaksjonsnemnda og laget fekk tilskot til å gi ut årboka.

I 2016 blei det ei forandring på dette. I ein e -post frå avdelingsdirektør Marie Therese Fojuth til styreleiaren og ved telefonsamtalar var det klar melding om at skolemuseet ikkje hadde behov for noko støttelag. Skolemuseet ville derfor ikkje lenger ha medlemmer i redaksjonsnemnda og heller ikkje gi tilskot til å gi ut årboka. Skolemuseet skulle formidla skolehistorisk stoff gjennom andre kanalar, mellom anna i MUST si eiga årbok. Vi kunne eventuelt få inn ein skolehistorisk artikkel i denne årboka. (MUST si årbok blei lagt ned kort tid etter).

Endå om det med dette var slutt på det formelle samarbeidet mellom skolemuseumslaget og Stavanger skolemuseum, heldt det uformelle samarbeidet mellom styreleiar/ redaktør og konservator Hege Stormark fram som før.

## **Skolehistorisk Årbok for Rogaland**

### ***Redaksjon***

Kåre Dreyer Dybdahl må ha hatt planane klare for ei årbok då laget blei stifta 3. april 1984. Alt same året sende han ut den første årboka. I forordet skriv Johan Lindal, Jan Selvikvåg og Bjørnar Tuftedal at «når det allerede etter mindre enn ett års virksomhet har vært mulig å sende ut den første årboka, viser det at interessen for laget er til stede.»

Kåre Dreyer Dybdahl var redaktør i tidsrommet 1984 – 1997. Då overtok redaksjonsnemnda med Jan Selvikvåg i spissen redaktøransvaret. Sigmund Sunnanå var redaktør for årbøkene 2008 – 2024.

### ***Årboka***

I dei 40 åra skolemuseumslaget eksisterte kom årboka ut med 33 årgangar i papirformat. Årboka for 2016 blei den siste årboka i dette formatet. På årsmøtet 2017 blei det gjort vedtak om at laget skulle oppretta ei digital heimeside og halda fram med å samla inn skolehistorisk stoff. Styret sende brev til medlemmene og bad om å få tilsendt innlegg frå deira barndom og skolegang. Det kom fleire innspel, og redaktøren fekk også inn artiklar om andre skolerelaterte emne. Etter kvart blei det mange artiklar i arkivet. Redaksjonsnemnda vedtok derfor å samla artiklar som galdt minne frå barndom og skolegang i ei digital årbok for 2021. Artiklane strøymde på og det blei artiklar nok til digitale årbøker også for 2022, 2023 og 2024.

### ***Innsamling av stoff – forfattarar***

Frå 2009 gjekk ein over til at kvar årbok skulle ha eit tema, til dømes 1814 og demokratisk danning for årboka 2013, reform 94 for årboka 2014 og lærarutdanning i Rogaland 2016. Tema blei bestemt av redaksjonsnemnda og orienterte om på årsmøta. For redaktøren var det viktig å finna folk som var villige til å skriva artiklar som passa til temaet. Det var imponerande kor mange som tok på seg å skriva artiklar utan betaling. Medan eg var redaktør, var det berre eit par personar som sa at dei ikkje hadde høve til å ta på seg eit slikt oppdrag. Til og med tidlegare statsråd Gudmund Hernes sa ja til å skriva om Reform 94.

Gjennom åra er det etter kvart blitt mange forfattarar og mange artiklar. I årboka for 2005 er det eit oversyn over forfattarar og artiklar frå 1984 til 2005. Tilsvarande artikkeloversikt for 2006 – 2013 er i årboka for 2014. I årboka for 2016 er det artikkeloversikt for 2014 – 2016 og i årboka for 2024 eit oversyn over artiklane i dei digitale årbøkene 2021 - 2024. I desse artiklane er det samla omfattande skolehistorisk stoff av god kvalitet om utviklinga av skolen og lærarutdanninga frå 1739 til 2024. Dette kan gi komande generasjonar innsikt og kunnskap om dei lange linjene i utviklinga av skolen og lærarutdanninga både i Rogaland og i landet vårt. Dette kan vera nyttig lesnad for dei som skal

bestemma den vidare utviklinga av skolen og lærarutdanninga, og for skoleforskarar, skolebyråkratar, lærarutdannarar, lærarstudentar og andre som er interesserte i skole- og utdanningsspørsmål.

### ***Interesse for årboka – blei ho lese?***

Interessa for årboka er vanskeleg å vita noko sikkert om. Laget har ikkje hatt noko form for brukarundersøking. Redaktøren og redaksjonsnemnda har fått mange positive tilbakemeldingar både frå medlemmer i laget og frå andre som har lese artiklar i bøkene. Somme artiklar er aktuelle også i 2025, til dømes artikkelen om: «Var 6-årsreforma eit mistak?» i årboka frå 2018, «Skolevegring» i årboka frå 2023 og «Lærarrekruttering» i årboka frå 2024. Endå om årboka kom ut like før jul, var det nok ikkje denne boka som låg under juletreet! Det er også grunn til å tru at det var få årbøker som blei lese frå ende til annan.

Når det gjeld dei digitaliserte årbøkene, har vi fått årlege statistikkar som viser talet på besøk. Tala varierer frå ca.13 500 til 16 500. Dei fleste besøka er korte, men det er også dei som er lange. Dette betyr at det i alle fall er mange som er blitt informerte om at det finst årbøker med skolehistoriske artiklar og at somme også har nytta tid på å lesa i dei.

### ***Avslutning***

Det går fram av framstillinga ovanfor at skolemuseumslaget og årboka i 40 år har hatt sine opp og nedturar. Dei som har stått for laget og gitt ut årbøkene, har gjort ein imponerende innsats med å samla inn og gi ut alle artiklane som er i årbøkene. Dette er innsiktsfulle, kunnskapsrike og velskrivne artiklar som kan vera nyttige i arbeidet med skole- og lærarutdanningsspørsmål i åra framover. Årbøkene inneheld også god lesnad for folk som generelt er interesserte i utdanning. Styret i skolemuseumslaget set stor pris på at Stavanger skolemuseum har oppretta ein link til skolemuseumslaget si web-side, **[www.skolehistorie.no](http://www.skolehistorie.no)**. Det skolehistoriske stoffet som er samla i årbøkene, kan såleis vera med på å utfylle og supplera aktiviteten ved skolemuseet i åra framover. Vi ønskjer skolemuseet lykke til med den verdifulle verksemda museet driv.